
Saksnr: 2023/34780-3
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		12.04.2023

Høyringsuttale til konsesjonssøknad for Onarheim og Øyra transformatorstasjonar

Forslag til vedtak

- Vestland fylkeskommune er positiv til bygginga av Onarheim og Øyra transformatorstasjonar då desse vil betre kraftsituasjonen betydeleg lokalt og i Vestland.
- Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering ut frå undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.
- To permanente høgspenteleidningar (L5 med mastepunkt FM1-FM3 i konsesjonssøknaden) bør leggast i kabel for å unngå skjemmaende verknad på buplass frå eldre steinalder, Askeladden id 135141.
- Askeladden id 135141 skal merkast og gjerdast inn i anleggsperioden for å unngå fysisk skade på kulturminnet. Dette skal sikrast av arkeolog frå Vestland fylkeskommune.
- Vestland fylkeskommune ber NVE stilla vilkår om avbøtande tiltak som ivaretek ferdsel forbi stasjonen. Etablering av nye tur-stiar/vegar vil vere aktuelt, og stien mot Bremstølen og kulturmiljøet ved elva bør bevarast i den grad det er mogleg.

Samandrag

Statnett og Fagne søker konsesjon til å byggje Onarheim og Øyra transformatorstasjonar med tilhøyrande høgspenteledningar inn og ut frå anlegget. Tiltaket har mykje å seie for kraftnettet i Vestland. Kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og naturmangfald er aktuelle tema i saka. Saka er no på høyring og fylkesutvalet vedtak høyringsuttale for Vestland fylkeskommune jf. delegeringsreglementet kap. 7.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har motteke konsesjonssøknad frå Statnett og Fagne for høvesvis Onarheim og Øyra transformatorstasjonar på Husnes i Kvinnherad kommune i Vestland fylke.

Øyra transformatorstasjon skal knytast direkte til Onarheim transformatorstasjon via ein jordkabel, og søknadane sendast difor på høyring saman. Søknadane ligg på NVE sin nettstad:

www.nve.no/8819/A (Onarheim) og www.nve.no/8876/A (Øyra).

Søknad og skildring av tiltak

Onarheim transformatorstasjon

Statnett søker om ein 420 kV transformatorstasjon med utandørs koplingsanlegg, eit kontroll- og servicebygg på inntil 500 m² og eit lagerbygg på inntil 150 m², på eit areal på til saman 137 dekar. Nye Onarheim transformatorstasjon vil liggje mellom Hydro Husnes og FV500 på ein plass regulert til næringsområde. Statnett grunnjev søknaden om Onarheim transformatorstasjon med at den er naudsynt for å oppretthalde og forbetre forsyningstryggleiken i regionen.

Øyra transformatorstasjon

Fagne søker om å byggje Øyra transformatorstasjon med 132 kV transformatorar, gassisolert brytarfelt (GIS), stasjonsbygg og ein 80 meter lang tilkomstveg. Dei søker òg om ein ca. 200 meter lang 132 kV jordkabel mellom Øyra og Onarheim transformatorstasjonar. Stasjonen skal liggje mellom Onarheim transformatorstasjon og Hydro Husnes. Gamle Husnes koplingsstasjon vert rive etter Øyra transformatorstasjon er sett i drift. Fagne søker om Øyra transformatorstasjon fordi det ikkje lenger er ledig transformorkapasitet i området.

Søknadar om ekspropriasjon og førehandstiltreding

Statnett og Fagne søker òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statnett og Fagne om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.



Figur1: illustrasjon av omsøkt Onarheim transformatorstasjon til høgre i midten.



Figur 2: kart som viser omsøkt plassering av nye Øyra transformatorstasjon. Det omsøkte tiltaket til Statnett er skravert i dette kartet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. delegeringsreglementet kapittel 7.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i denne saka.

Vurderingar og verknader

Kraftsystem

Straum er ei forutsetning for eit velfungerande samfunn og verdiskaping. Betyninga av ei påliteleg straumforsyning blir endå større i ein kvardag som vert meir digital og der krav til meir klimavenleg energibruk gjer at vi brukar elektrisitet i fleire deler av samfunnet.

Husnes er eit viktig område i industrisamanheng. Tilgang på større mengder fornybar kraft her er difor svært viktig for Vestland og Noreg i det grønne skiftet.

Plasseringa av tiltaka

Dei to planlagde transformatorstasjonane er omsøkt plassert som vist i figur 1 og 2.

Konsekvensutgreiinga viser at tiltaka kan ta meir omsyn til kulturminne, kulturmiljø, friluftsliv og naturmangfald gjennom å flytta Onarheim transformatorstasjon lengre nord.

Søknaden nemner at plasseringa av Onarheim transformatorstasjon 150 m lengre nord har vore vurdert, men at dette ikkje var mogleg å få til, m.a. fordi då er det ikkje plass til at Øyra og Onarheim transformatorstasjonar kan stå parallelt. I kontakt med Kvinnherad kommune har administrasjonen fått innblikk i ein pågåande reguleringsprosess for areala nord for omsøkt plassering. Viss Statnett hadde flytta stasjonen 150 m lengre nord hadde denne kome i konflikt med reguleringsprosessen til kommunen. Kommunen opplyser om at dei har god dialog med Statnett i saka. Fylkesdirektøren påpeikar at det er ein svakheit at søknaden ikkje løftar fram dette elementet som ein del av vurderingsgrunnlaget til Statnett, m.o.t. plassering. Fylkesdirektøren legg til grunn at kommunen kjenner til konsekvensane plasseringa til transformatorstasjonen har m.o.t. kulturminne, friluftsliv og naturmangfald i deira dialog med Statnett.

Kulturminne og kulturmiljø

Konsekvensutgreiinga viser til ei rekkje funn som er gjort på Onarheimsgarden. Det er fleire gravhaugar, men dei er situert vest for aluminiumsverket Sør-Al og får lite visuell påverknad av dei planlagte tiltaka. Eitt automatisk freda kulturminne ligg i influensområdet og vil bli påverka visuelt i samband med utbygging av nye transformatorstasjonar med mastepunkt og lineføring. Det er ein buplass frå eldre steinalder, Askeladden id. 135141. Den ligg mellom vegen som går nordaust til parkeringsplassen ved Sør-Al og bekken søraust for denne vegen. Det er planlagt to permanente høgspenteleidningar (L5 med mastepunkt FM1-FM3) på flata søraust for bekken. Vi vil presisere at desse leidningane bør leggjast i kabel, for å unngå skjemmande verknad på lokaliteten frå steinalder. Jordkabel kan leggjast anten nordvest for vegen til Sør-Al eller på flata søraust for bekken. Flata ser ut til å vere sterkt maskinelt oppdyrka frå før.



Figur 3: Buplass frå steinalder i høve til planlagt linetraséar og mastepunkt.

Like sørvest for området som er tiltenkt transformatorstasjon, er det restar av eit eldre sagbruk rett nord for bekken. Der har vore ei sirkelsag, med fundament i tørrmur, og sagbladet står enno igjen der sagbenken var. Det er og fundament for det som nok har vore vassrenne. Eit lite stykke lengre motstraums er det moglegvis restar av dam, samt ei bru over bekken. Desse kulturminna er og nemnde i konsekvensutgreiinga. Inne på myra der transformatorstasjonen skal oppførast står restar av grava for skytebanen til Husnes skyttarlag som var i drift frå 1946 (bygd rett før krigen) til 1960-talet. Nemnast må også postvegen som har gått gjennom området. Den er for ein stor del nedbygt gjennom området der Sør-Al ligg i dag, men ein del er att. Dette gjeld spesielt eit kortare strekk på 50-60 meter frå Fv5028 der det er tenkt transport (T14) til mellombels mastepunkt (BM3). Her skal det takast sers omsyn så ein ikkje gjer skade på veg og rekkverk.



Figur 4: Restar av sirkelsagbruk i elva der søre ende av transformatorstasjonen er planlagt.



Figur 5: Grava til eldre skytebane der transformatorstasjon er planlagt.

Vurdering og tilråding m.o.t. kulturminne

Konsekvensutgreiinga for begge prosjekta skildrar dei fleste kjende kulturminneverdiane og konsekvensane på ein tilfredstillande måte. Vi ber likevel om at kulturminneverdiane frå nyare tid som kan bli råka av utbygginga vert dokumentert og fotografert for ettertida på ein tilfredstillande måte. Sjølv om konsekvensutgreiinga meiner at det er potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne, så vurderer arkeolog frå Vestland fylkeskommune det, etter synfaring, at svært mykje av arealet som det er tenkt tiltak på er sterkt påverka frå før og lite aktuelt for arkeologisk registrering. Det vert heller ikkje vurdert å vere særleg potensial for funn langs linjetraséane, både dei som skal sanerast, dei mellombelse og dei framtidige, samt andre tiltak i samband med arbeidet.

Vestland fylkeskommune vurderer det som at undersøkingsplikta § 9 i kulturminnelova er oppfylt for Onarheim og Øyri transformatorstasjon og tiltak i samband med sanering av linetrasé og master, mellombels linetrasé, ny linetrasé med nye mastepunkt og andre tiltak som riggplassar, baseplassar og deponi.

Dersom det i samband med gjennomføring av tiltak kjem fram eventuelle funn må Vestland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Viss søkjar flyttar tiltaket mot nord reduserast konflikten med kulturlandskapet aust for Søral og på garden Lyngstad. Det vil òg mogleggjere betre ivaretaking av turveggar og nyare tids kulturminne ved Søraløypa, då desse kulturminna ligg i sørleg ende av omsøkt tiltak.

Fysisk aktivitet og inkludering

Transformatorstasjonen som er planlagd på Onarheim vil kome i konflikt med det kartlagde friluftsområdet Søraløypa. Dette friluftsområdet er vurdert som eit svært viktig nærturterreng. Transformatorstasjonen vil legge beslag på omtrent halvparten av det registrerte friluftsområdet og føre til at turstiar som går gjennom området må leggest om. I konsesjonssøknaden står det at adkomstvegen til stasjonen vil krysse over den tilrettelagde turvegen kalla postvegen, og at det i anleggsfasen vil bli aktuelt å stenge denne i kortare periodar.

Delane av friluftsområdet som vil bli råka av transformatorstasjonen vil naturleg nok miste funksjonen som nærturterreng. Særleg sørlege delar av det kartlagde friluftsområdet vil bli negativt råka av stasjonen. I konsesjonssøknaden står det om ein tursti som går frå søraustsida av Søral mot Bremsstølen. Her er det og kulturminne i form av gamle steinbruer og ein eldre oppmura kjerreveg. Turstien kan alltid leggest om, men turopplevinga vil truleg bli sterkt forringa om kulturmiljøet rundt elva går tapt, og ein i staden må gå tett inntil ein stor transformatorstasjon. Det er rimeleg å anta at friluftslivsbruken av områda som grensar til transformatorstasjonen også vil bli negativt påverka. I kor stor grad vil truleg avhenge av kva slags avbøtande tiltak som her vil bli iverksett.

Det er uheldig at det planleggast ein transformatorstasjon midt i eit svært viktig friluftsområde. Ved konsesjon må det stillast vilkår om avbøtande tiltak som ivaretek ferdsel forbi stasjonen. Etablering av nye tur-stiar/vegar vil vere aktuelt. Frå eit friluftslivsfagleg synspunkt bør det vurderast om transformatorstasjonen heller kan leggest lenger nord, slik at stien mot Bremsstølen og kulturmiljøet ved elva kan bevarast.

Øyra transformatorstasjon er eit mindre anlegg som er tenkt etablert i tilknytning til Onarheim transformatorstasjon. Òg dette anlegget er planlagd innanføre det kartlagde friluftsområdet. Etersom Øyra er eit mindre anlegg som ikkje ser ut til å kome i direkte konflikt med turstiar/ferdselsårer i området, vil konsekvensane for friluftsliv vere relativt små for dette anlegget isolert sett.

Vass- og naturmiljø

Eventuelle inngrep i vassdrag må godkjennast etter forskrift om fysiske inngrep i vassdrag hjå Statsforvaltaren i anadromt område og hjå Vestland fylkeskommune for innlandsfisk.

Vestland fylkeskommune ynskjer at NVE legg vekt på Statsforvaltaren i Vestland sin høyringsuttale i høve naturmangfald.

Økonomi

Tiltaket kan indirekte leggje til rette for fleire grøne arbeidsplassar i Vestland ved å leggje til rette for meir kraftproduksjon og -bruk.

Klima

Å leggje til rette for å erstatta fossile energikjelder med elektrisitet produsert frå fornybare kjelder er eit viktig klimatiltak.

Folkehelse

Det er viktig at søkjar tek omsyn til fysisk aktivitet og inkludering i samband med dette tiltak sidan det skal liggje i eit område som er registrert som eit svært viktig naturterreng. Vestland fylkeskommune legg til grunn at NVE legg vekt på friluftssinteressene i denne saka.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket er i tråd med FN sitt berekraftsmål nr. 7 – rein energi til alle.

Tiltaket støttar opp om plantema «Robust kraftsystemutvikling i Vestland» i regional plan for fornybar energi 2023-2035, med alle tilhøyrande delmål.

Samla konklusjon

Kommunedirektøren registrerer at det er eit stort behov for at Onarheim og Øyra transformatorstasjonar realiserast, m.o.t. ynskja næringsutvikling i Kvinnherad og Vestland. Fylkesdirektøren er difor positiv til tiltaka. Konsekvensutgreiinga viser likevel at tiltaka kan ta meir omsyn til kulturminne, kulturmiljø, friluftsliv og naturmangfald gjennom å flytta Onarheim transformatorstasjon lengre nord.

Søknaden nemner at plasseringa av Onarheim transformatorstasjon 150 m lengre nord har vore vurdert, men at dette ikkje var mogleg å få til, m.a. fordi då er det ikkje plass til at Øyra og Onarheim transformatorstasjonar kan stå parallelt. I kontakt med Kvinnherad kommune har administrasjonen fått innblikk i ein pågåande reguleringsprosess for areala nord for omsøkt plassering. Viss Statnett hadde flytta stasjonen 150 m lengre nord hadde denne kome i konflikt med reguleringsprosessen til kommunen. Kommunen opplyser om at dei har god dialog med Statnett i saka. Fylkesdirektøren påpeikar at det er ein svakheit at søknaden ikkje løftar fram dette elementet som ein del av vurderingsgrunnlaget til Statnett, m.o.t. plassering. Fylkesdirektøren legg til grunn at kommunen kjenner til konsekvensane plasseringa til transformatorstasjonen har m.o.t. kulturminne, friluftsliv og naturmangfald i deira dialog med Statnett.

Fylkesdirektøren ynskjer at det stillast følgjande krav med omsyn til kulturminne, kulturmiljø og friluftsliv:

- To permanente høgspenteleidningar (L5 med mastepunkt FM1-FM3 i konsesjonssøknaden) leggst i kabel for å unngå skjemmaende verknad på buplass frå eldre steinalder, Askeladden id 135141.
- Askeladden id 135141 skal merkast og gjerdast inn i anleggsperioden for å unngå fysisk skade på kulturminnet. Dette skal sikrast av arkeolog frå Vestland fylkeskommune.
- Det må stillast vilkår om avbøtande tiltak som ivaretek ferdsel forbi stasjonen. Etablering av nye tur-stiar/vegar vil vere aktuelt, og stien mot Bremstølen og kulturmiljøet ved elva bør bevarast i den grad det er mogleg.